



Idrettslag-leiar Michael Røssland i aksjon som trubadur under ein tidlegare aktivitetsdag i båthamna. Han skal leia trekninga under aktivitetsdagen den 14. juni og då tek han sikkert ein trall i tillegg. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Torsdag var den store, årlege loddsal-dagen for idrettslaget og allereie tidleg på kvelden kunne leiar Michael Røssland innregistrera salet som ein suksess. Dei 13 seljarane meldte tilbake om god respons over heile bygda.

- Loddsalet er viktig for oss. Inntekta går til sikring av drifta av anlegga våre og då i første rekkje av grasbana på Heio, seier leiaren, som har eit trøystens ord til dei som ikkje var å treffa i finveret: Dei kan kjøpa lodd på bensinstasjonen eller på SPAR og det er enno god tid. Trekninga skjer ikkje før under aktivitetsdagen 14. juni.

Når det gjeld gevinstar er 13 av 14 gåver frå forskjellig hald og gevinstbordet har eit allsidig innhald – der finn ein til dømes både ei porselensdokke og to billetter til arrangement på Dønhaug. Men toppgevinsten dette året er eit gavekort for 2.500 kroner på Husnes Sport der laget sjølv satsar 2.000 kroner.

Michael fortel også at det er sendt ut brev om støttemedlemsskap. For berre 200 kroner kan ein bli støttemedlem og dermed gje ei ekstra handsrekning til eit viktig føremål i Uskedalen.

Av Ola Matti Mathisen